



Noko av alt det gode gjestene fekk servert under Festdalen-frukosten.

- Dette var jammen overraskende flott! Langt betre enn vi kunne forventa. Det er jo høg hotellstandard, uttalte 23 år gamle Morten Eidsvik etter at han hadde nytt gratis Festidalen-frukost lørdag føremiddag. Denne oppfatninga delte han nok med resten av dei fleire hundre gjestene. Det var Spar Uskedalen og Systrene Nilsen som spanderte i sistnemnde sine lokale.

Dei som venta enkel festivalfrukost då dei kom til Systrene Nilsen lørdag føremiddag, fekk seg nok ei skikkeleg overrasing! Her venta eit rikhaldig frukost- buffet. Pålegg i mange variantar, varmt og kaldt. Godt utval i rundstykke og brødsortar. Og så mykje godt i frukt!! Morten hadde heilt rett då han karakteriserte det som høg hotellstandard!

Det var tydeleg at folk sette stor pris på den flotte invitasjonen frå Spar Uskedalen og Systrene Nilsen. I løpet dei vel to timane frukosten varte, var fleire hundre gjester innom og fekk seg ein god start på lørdagen. Her var det uskedelingar og folk frå nabobygdene saman med festivaldeltakarar, campinggjester og båtfolk. Alle aldersgrupper var godt representert, og særleg var det mange ungdommar. Alle såg ut til å kosa seg!!

Festivalen-frukosten vart spandert av Systrene Nilsen og Spar Uskedalen. Det er eit av eksempela på korleis lokalt næringsliv støttar opp om den populære kulturfestivalen. Dette vart eit svært positivt innslag i helga, og vert nok ein del av dei gode minnene. Vertane fortener stor takk for det!



Det var folksamt i lokalet dei vel to timane frukosten varte.

Av: Thor Inge Døssland.